



|           |                      |
|-----------|----------------------|
| Utval:    | <b>Formannskapet</b> |
| Møtestad: | Kommunehuset         |
| Dato:     | 12.05.2009           |
| Tid:      | 13:00                |

Forfall må meldast til utvalgssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

### SAKSLISTE

| Saksnr   | Innhald  | Arkivsaknr |
|----------|--|------------|
| PS 09/27 | Godkjenning av protokoll                           |            |
| PS 09/28 | Referatsaker                                       |            |
| PS 09/29 | Open post  |            |
| PS 09/30 | Årsrapport 2008                                    | 2009/257   |
| PS 09/31 | Overdraging Midøy skule                            | 2008/588   |
| PS 09/32 | Sal av industritomt i Stormyra                     | 2009/191   |
| PS 09/33 | Asfaltering 2009 - prioritering av kommunaleveggar | 2009/134   |

Midsund, 6.05.09

Helge Orten  
Ordførar

Gunn Hole  
sekretær

**PS 09/27 Godkjenning av protokoll**

## **PS 09/28 Referatsaker**

Klage på vedtak frå Midsund Sokneråd – Kjell R. Straume (papira deles ut ved møte)

**PS 09/29 Open post**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/257-1

Arkiv:

Saksbeh: Geir J. Göncz

Dato: 05.05.2009

**Saksframlegg**

**Årsrapport 2008**

| Utvalsak | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| 09/30    | Formannskapet | 12.05.2009 |
|          | Kommunestyret |            |

**Forslag til vedtak:**

Årsrapport 2008 for Midsund kommune, som inneheld årsmelding og årsrekneskap, vert godkjend.

**Saksutgreiing:**

Rådmannen har utarbeida årsrapport 2008 jf kommunelovens § 48 nr.1, om kommunen sin plikt til å utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Kommunelovens § 48 nr 5 går nærare inn på innhaldet i årsrapporten.

Årsrapport er i år framstilt som eit samla dokument, kor årsmelding og årsrekneskap med revisorberetning vert lagt fram for politisk handsaming.

Årsrapport gir ein gjennomgang om kva Midsund kommune produserar av tenester i 2008. Den rapporterar også om ressursbruk, kvalitet og omfang av desse tenestene.

Årsrapport er rådmannen sin presentasjon av årsmelding og årsrekneskap for kommunestyret. Med endringar i layout, struktur og innhald håpar rådmannen at årsrapporten også vil fungere som eit informasjonsdokument for kommunen sin innbyggjarar, næringsliv og andre. Med innføringa av mål og måloppnåing som ein del av rapporteringa frå resultateiningane, ønskjer rådmannen å ta eit første steg mot ei klårare målstyring og evaluering av tenesteytinga.

**Vurdering:**

Rådmannen vil ikkje i denne saka gå igjennom kommunen si drift og tenesteområde. Det vert i den samanheng vist til vedlagte dokument.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

- Årsrapport 2008
- Revisjonsberetning

**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2008/588-5  
Arkiv: 614  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 05.05.2009

**Saksframlegg**

**Overdraging Midøy skule**

| Utvalsak | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| 09/31    | Formannskapet | 12.05.2009 |
|          | Kommunestyret |            |

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre vedtar overdraging av Midøy skule til Søre Midøy vel med grunnlag i følgjande punkt:

1. Avtalen gjeld overdraging av tidlegare Midøy skule, gnr 112 bnr 18 med tilhøyrande bygningar, frå Midsund kommune til Søre Midøy vel.
2. Midsund kommune overdrar tidlegare Midøy skule, gnr 112 bnr 18 med tilhøyrande bygningar, til Søre Midøy vel for kr.1,- .
3. Bygningsmassen vert tatt over i den tilstand skulen er pr dato.
4. Søre Midøy vel dekker utgifter til tinglysing, dokumentavgift og eventuell oppmåling.
5. Eigedommens verdi vert sett til kr. 450 000,-.
6. Alt inventar og utstyr pr. dato vert tatt over av Søre Midøy vel vederlagsfritt.
7. Hefte knytt til tippemidlar vert å ta over av Søre Midøy Vel.
8. Søre Midøy Vel tilbyr Midsund sokn fri bruk av Gamleskulen på Søre Midøy.
9. Søre Midøy Vel skal legge til rette for ålmennheita si bruk av gymsal, kjøkken, garderobe og ballbinge.
10. Ved eventuell sal av heile eller deler av eigdommen skal Midsund kommune ha første rett til kjøp.
11. Pris ved eventuell gjenkjøp vert sett til kr 1,-.

**Saksutgreiing:**

Rådmannen viser til kommunestyresak 09/16 om Søknad om overtaking av Midøy skule. Vedtaket lyder:

*”Midsund kommune tek sikte på å overføre tidlegare Midøy skule med tomt til Midøy velforeining, jf. Søknad datert 28.10.09.*

*Rådmannen må i samtalar med Midøy velforeining klargjere dei nærare vilkåra knytt til overføring av eigedomen. Særleg gjeld dette å sikre at dei hefte som er knytt til tippemiddeltildelingar vert overført og at det vert ei tilfredsstillande ordning for kapellet. Vidare bør kommunen sikrast første rett til å kjøpe eigedomen tilbake ved eventuelt seinare sal frå Midøy velforeining.*

*Vidare må det avtalast kven som skal betale kostnadane med overføringa, t.d. dokumentavgift og tinglysingsgebyr.*

*Overføringa av eigedomen vert endeleg godkjent av kommunestyret”.*

Rådmannen har, som grunnlag for utarbeiding av avtale, gjennomført møte med representantar for Søre Midøy Vel. Eit utkast til avtale frå rådmannen vart send Søre Midøy Vel, som handsama dette i eige styre.

**Vurdering:**

Søre Midøy Vel er positiv til avtalen slik den ligg føre utanom pkt. 8. Søre Midøy Vel ønskjer her at Midsund kommune betalar ei årleg leige for gamle Midøy skule/kapellet til å dekke straum og vedlikehald. Rådmannen har ikkje gått inn på dette, då rådmannen har lagt til grunn for utarbeidinga av avtalen at overdraginga skal skje utan kostnader for Midsund kommune.

Naudsunt sakshandsaming i samband med tippemiddelhefte gjer at pkt. 7 i avtalen pr. dato ikkje er godkjent av Møre og Romsdal fylke.

Pkt. 5 i avtalen om eigedomens verdi, har rådmannen søkt å setje ein verdi som på den eine side er så lav at den får lave kostnader for Søre Midøy Vel og på den andre side ikkje vert underkjend av statlege myndigheiter.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Det er lagt til grunn at overdraging av Midøy skule ikkje skal innebere kostnader for Midsund kommune.

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):****Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/191-2  
Arkiv: 614  
Saksbeh: Sindre Sæter  
Dato: 06.04.2009

**Saksframlegg**

**Sal av industritomt i Stormyra**

| Utvalsak | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| 09/32    | Formannskapet | 12.05.2009 |

**Forslag til vedtak:**

Tangen Maskin AS får leige ei tomt på ca. 11 daa, frå gnr. 50 bnr. 188, eigd av Midsund kommune.

Rådmannen arbeider vidare med forslag til leigeavtale mellom Midsund kommune og Tangen Maskin AS.

**Saksutgreiing:**

Tangen Maskin AS ønskjer å kjøpe ei tomt på ca. 11 daa frå gnr. 50 bnr. 188, eigd av Midsund kommune. Området er regulert til industriføremål i reguleringsplan for Stormyra.

Tangen Maskin AS ønskjer å opparbeide ei industritomt i området og legge til rette for vidare industriverksemd.

Etter reguleringsplanen må det opparbeidast ein kommunal hovudveg på 150 m x 6 m for å komme til tomta. Det må og opparbeidast ein stikkveg til tomta som går vestover frå hovudvegen. Det må vurderast om denne skal vere kommunal eller privat. Det må takast stilling til vatn og avløp for eventuelt bustadområde aust for vegen ved bygging av denne.

Området Tangen Maskin ønskjer å kjøpe er hovudsaklig kystlynghei med ein høgdeforskjell på ca. 12 meter.

## **Vurdering:**

Tomta er eit av dei siste tilgjengelege sjøareal som er regulert til industri i Midsund kommune. Dersom dette arealet blir beslaglagt, vil det vere omtrent 300 meter strandlinje igjen. Det gjeld arealet mellom Real Estate Midsund sin eigedom 50/230 og Øystein Øyehaug sin eigedom 55/7. Dette arealet grenser mot sannsynleg framtidig bustadområde på gnr. 55 bnr. 7.

Det er i utgangspunktet ønskjeleg at kjøpar av området nyttar tomta til sjørelaterte industriaktivitetar. Tangen Maskin ønskjer i første omgang å opparbeide området til industriføremål, og det er uvisst kva for planar Tangen Maskin har fram i tid med dette arealet.

Dersom ein ønskjer at Tangen Maskin skal få nytte dette området for opparbeiding av industritomt, har Midsund kommune to alternativ; sal eller utleige.

### Alternativ 1 - Sal:

Dersom ein går inn for sal av eigedomen, gir ein slepp på eit av dei siste tilgjengelege sjøareal som er regulert til industri i Midsund kommune. For at kommunen skal sikre seg at tomta blir brukt til sjørelaterte aktivitetar, kan ein alternativt legge inn ein klausul om at kommunen har rett på å kjøpe tilbake tomta dersom den ikkje blir brukt til sjørelaterte aktivitetar. Desse aktivitetane må nødvendigvis definerast i ein eventuell kjøpsavtale. Ved sal av eigedomen, er det mest naturleg at Midsund kommune opparbeider ein kommunal veg fram til tomta. Ein eigedom er i utgangspunktet fritt omsetjeleg og bør ein ha opparbeida veg i samsvar med reguleringsplanen. Det er likevel ei mulighet at Tangen Maskin kan lage ein midlertidig veg fram til tomta som tilfredsstillar krava til deira bruk. Eit sal av eigedomen vil mest sannsynleg ikkje dekke utgiftene med bygging av kommunal veg fram til tomta.

### Alternativ 2 - Utleige:

Tangen Maskin ikkje har spesielle interesser knytt til sjøen, utanom at det kan vere behov for ei båtlast med grus eller asfalt. Det vil difor vere eit alternativ å leige ut eigedomen i t.d. 10 år. Ved utleige vil bygging av midlertidig veg vil vere meir aktuelt, då Midsund kommune framleis eig grunnen og står friare til å styre retninga for utviklinga av området fram i tid. Dersom Midsund kommune skal opparbeide ein kommunal veg på 150 m x 6 m, bør inntektene av leiga dekke Midsund kommune sine utgifter med denne vegen. Etter at leigeperioden er over, vil Midsund kommune sitte igjen med ei ferdig opparbeidd industritomt for sal/utleige til eventuelle nye aktørar.

Ved eit positivt vedtak om sal eller utleige, vil rådmannen gå i forhandlingar med Tangen Maskin om premissane for ein avtale. Saka kjem opp igjen til politisk behandling når Midsund kommune og Tangen Maskin blir einige om ein slik avtale.

Geir Göncz  
Rådmann

Sindre Sæter  
Saksbehandler

**Vedlegg (prenta):** Situasjonsplan  
Ortofoto med eigedomsgrenser

**Vedlegg (uprenta):** Komplette saksmappe

**Særutskrift går til:** Tangen Maskin AS, 6475 Midsund



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2009/134-2

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 04.05.2009

**Saksframlegg**

**Asfaltering 2009 - prioritering av kommunale vegar**

| Utvalsak | Utval         | Møtedato   |
|----------|---------------|------------|
| 09/33    | Formannskapet | 12.05.2009 |
|          | Kommunestyret |            |

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune prioritere disse vegane for asfaltering 2009.
  1. Tangenvegen – opprusting og asfaltering – 600 m, kr. 536.000
  2. Sønnevegen – nyasfaltering – 320 m, kr. 175.00
  3. Vågsdalsvegen – nyasfaltering – 390 m, kr. 195.000
  4. Strømsnesvegen – nyasfaltering etter oppgraving i 2003/04 – 140 m kr. 67.000
  5. Nord Heggdal barnehage kr. 50.000

Sum totalt blir kr. 1.023.00

Vegane blir asfaltert etter prioriteringa så langt kr. 1.000.000 rekk.

2. Midsund kommune dekkjer heile asfalteringskostnadane på desse vegane: Gangstadbustadfelt, Krabbviknesetbustadfelt, Sør Heggdal bustadfelt (Tiriltoppen) og Reiten/Jenset bustadfelt. Dette for at gamle bustadfelt skal ha same reglar for asfaltering.

## Saksutgreiing:

K – sak 09/ 19 :

*Kommunestyret ber rådmannen legge fram ei sak for kommunestyret der det blir laga ei samla prioriteringsliste for asfaltering av kommunale vegar. Det må og lagast eit reglement og ei prioriteringsliste for asfaltering av kommunale vegar i bustadfelt. Saka blir å legge fram for kommunestyret i mai 2009.*

## BUSTADFELT

Midsund kommune har 4 vegar som bør definerast som veg i bustadfelt:

Egne utbygde bustadfelt:

- Gangstadbustadfelt
- Krabbeviknesetbustadfelt

Vegar i private bustadfelt som kommunen har tatt over grunn og vegvedlikehald:

- Sør Heggdal bustadfelt (Tiriltoppen)
- Reiten/Jenset bustadfelt.

## KOMMUNALE VEGAR

Midsund kommune har totalt ca. 5,5 km med grusveg av totalt 28 km veg.

Grusvegar i Midsund uprioritert:

**A. Tangenvegen – opprusting og asfaltering – 600 m, kr. 536.000**

**B. Strømsnesvegen – nyasfaltering etter oppgraving i 2003/04 – 140 m kr. 67.000**

**C. Søndevegen – nyasfaltering – 320 m, kr. 175.000**

**D. Vågsdalsvegen – nyasfaltering – 390 m, kr. 195.000**

**E. Skjærvevegen – nyasfaltering - 1250 m, kr. 590.000**

**F. Buråsvegen - reasfaltering – 1000 m, kr 400.000**

**G. Heggdalshjelen P – plass kr. 77.000**

**H. Stormyravegen – breddutviding og reasfaltering – 450 m, kr. 500.000**

**I. Gangstadfeltet – gatelys og nyasfaltering ( kommunalt bustadfelt) - 300 m, 320.000**

- J. Krabbevikneset bustadfelt – gatelys og nyasfaltering ( kommunalt bustadfelt) – 360 m, kr 340.000**
- K. Fjellsendenvegen- bustadfelt – 340 m, kr. 170.000**
- L. Tiriltoppenbustadfelt – nyasfaltering - 530m, kr. 265.000**
- M. Jensen/Reiten – nyasfaltering - 500m, kr. 245.000**
- N. Varnesvegen - nyasfaltering – 660 m, kr. 320.000**
- O. Kapellvegen S. Midøy - 400 m, kr. 170.000**
- P. Stølhaugvegen – 200 m kr. 80.000**
- Q. Nord Heggdal barnehage kr. 50.000**

### **Vurdering:**

#### **BUSTADFELT.**

##### Kommunale bustadfelt

Vilkåra for Gangstadbustadfelt og Krabbeviknesetbustadfelt ved sal av tomter vart gjeve i K – sak 10/89, samt ”Refusjonsreglar for byggjefelt” K – sak 32/82:

Vilkåra ved sal av tomtene, bla.:

*Kjøpar er pliktig til å refundere dei utlegg kommunen har hatt til anlegg og utviding av veg, vass- og kloakkanlegg, der det ikkje er medrekna i tomteprisen, og etter dei kvar tid gjeldande reglar.*

Refusjonsreglane punkt 2:

*Kostnadane med opparbeiding av veger, fortau, vass- og kloakk-, og drensledningar vert å fordele likt på antall regulerte tomter.*

##### Vegar i private bustadfelt kommunen har tatt over grunnen og vegvedlikehald:

Dette gjeld Sør Heggdal bustadfelt ( Tiriltoppen) og Reiten/Jensen bustadfelt.

I retningslinjer for kommunal overtaking av privat veg vart gjeve i K – sak 00/078 står det bla. :

*Punkt 3. Vegen må stette krava før overtaking. (eit av punkta):*

➤ *Vegen skal vere skikkeleg fingrusa.*

Rådmannen vel å tolke ”Retningslinjer for kommunal overtaking av privat veg” slik at det var vanleg at private vegar vart fingrusa og ikkje asfaltert ved overtakingstidspunktet, og dermed vilkåret oppfylgt. ( Dvs. det er kommunen som må koste asfalteringa då det blir gjort i ettertid, etter at vegen vart godkjent for overtaking.)

Ved opparbeiding av bustadfelt i dag blir det asfaltert med ein gong og tatt inn i refusjonen ved overtaking av tomta.

### Konklusjon veg i bustadfelt:

Sidan det er fleire forskjellige vedtak og reglar for asfaltering av vegar i bustadfelt foreslår rådmannen at dei fire nemnde vegane blir behandla likt.

Foreslår at Midsund kommune tek heile kostnaden med asfaltering av alle 4 vegane.

## KOMMUNALE VEGAR

Det som er viktig at det blir asfaltert kommunale vegar kvart år, slik at det minkar med grusvegar.

Vurdering av grusvegane i prioritert rekkefølge:

**a. Tangenvegen – opprusting og asfaltering – 600 m, kr. 536.000**

Denne vegen er den dårlegaste av dei kommunale vegane.

Grunnen er for svak på enkelte plassar til å tåle akseltrykka frå dagens kjøretøy.

Det fleire måtar å forsterke vegen før asfaltering:

Djupfresing, oppbygging eller utskifting av massane, eller blanding.

Problemet med oppbygging er at vegbredda må utvidast med dertil kostnadar og grunnspørsmål.

Her må ein arbeide vidare med tekniske løysingar for å finne kva som er best og billigast løysing.

**b. Søndevegen – nyasfaltering – 320 m, kr. 175.000**

Gammal riksveg som Midsund kommune har tatt over.

**c. Vågsdalsvegen – nyasfaltering – 390 m, kr. 195.000**

Dette er vegen opp i Vågsdalen og til Fjellsenden huskrull

**d. Strømsnesvegen – nyasfaltering etter oppgraving i 2003/04 – 140 m kr. 67.000**

I 2003/04 var vegen totalt nedsliten og VA – ledningsnettet blei skifta ut. Etter dette har det ikkje vore pengar til å asfaltere igjen.

**e. Nord Heggdal barnehage kr. 50.000**

Nyasfaltering av grusveg

**f. Krabbevikfeltet – gatelys og nyasfaltering ( kommunalt bustadfelt) – 360 m, kr 340.000**

*Skal ein nyasfaltere her må ein ta med gatelys, og nokre VA - utstikk (dette kan dekkast av VA)*

Ferdig utbygd etter reguleringsplan

**g. Skjærvevegen – nyasfaltering - 1250 m, kr. 590.000**

*Gammal riksveg som Midsund kommune har tatt over. Med jamne mellomrom får vi klage frå Fjord 1 om at dersom ikkje vegen blir utbetra vil dei legge bussruta på nyvegen.*

**h. Buråsvegen - reasfaltering – 1000 m, kr 400.000**

Reasfaltering av heile vegen. Det som er vanskeleg her er kva skjer i framtida

(dette er eit av områda med størst utbyggingspotensiale i Midsund) med utbygging der ein treng å krysse/ grave opp vegen igjen.

- i. Stormyravegen – breddutviding og reasfaltering – 450 m, kr. 500.000**  
*Deler av vegen er for smal og asfalten er skadd.*
- j. Gangstadvfeltet – gatelys og nyasfaltering ( kommunalt bustadvfelt) - 300 m, 320.000**  
Skal ein nyasfaltere her må ein ta med gatelys ( og ta VA utstikk til tomtene, samt straum og telefon, dette kan dekkast av VA og dei som eig kablane.  
Her er det 8 ledige tomter.
- k. Krabbeviknesetbustadvfelt – gatelys og nyasfaltering ( kommunalt bustadvfelt) – 360 m, kr 340.000**  
*Skal ein nyasfaltere her må ein ta med gatelys, og nokre VA - utstikk (dette kan dekkast av VA)*  
Ferdig utbygd etter reguleringsplan
- l. Fjellsendenvegen- bustadvfelt – 340 m, kr. 170.000**  
Opprusting av vegen og ny asfalt inne i bustadområdet. Her må det gjerast noko med rør og kablar i vegen.
- m. Tiriltoppenbustadvfelt – nyasfaltering - 530m, kr. 265.000**  
Midsund kommune har tatt over delar av grunnen og vedlikehald av vegen. Øvre del av vegen er det vedtak på overtaking men ikkje effektuert endå. Gatelys er montert. Vurdere kvaliteten på stikkrennene.
- n. Jansen/Reiten – nyasfaltering - 500m, kr. 245.000**  
Privat byggjefelt som Midsund kommune tok over vegvedlikehaldet. I den seinare tida har det vore flaum som går over grøftene og tek med seg grusen frå vegen. Enkelte plassar har steinar på grøftekanten rausa ned i grøfta. Skadane er ikkje utbetra.
- o. Varnesvegen - nyasfaltering – 660 m, kr. 320.000**  
Nyasfaltering av grusveg
- p. Kapellvegen (S. Midøy) - 400 m, kr. 170.000**  
Nyasfaltering av grusveg
- q. Heggdalshjelen P – plass kr. 77.000**  
Nyasfaltering av Heggdalshjelen P -plass
- r. Stølhaugvegen – 200 m kr. 80.000**  
Nyasfaltering av grusveg.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Investeringsbudsjettet for 2009 vier at det skal brukast kr. 1.000.000 til asfaltering.

Geir Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta): Ingen**

**Vedlegg (uprenta):Mappe**

**Særutskrift går til: Teknisk**